



Under grana fann Victoria, Tone Helen og Maren mellom anna ein knokkel. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Tredje og fjerde klasse ved skulen – tilsaman 18 elevar – gjorde tirsdag ein skikkeleg, timelang dugnadsinnsats før den store Dagen.

Det har vore tradisjon i mange år (minst 10) at fjerde klasse rykkjer ut og plukkar boss. Når også tredjeklassingane deltok dette året, var det fordi dei hadde gymtime. På den timen dei hadde å gjera det på fylte elevane to sekkar i sentrumsområdet.

Utgangspunktet var SPAR der dei fekk utlevert sekkar og hanskar og åt ein banan som startmat!



Ein banan på SPAR var god startmat før bossplukkinga. Gunn Mari Moberg i bakgrunnen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Bossplukkinga var grundig planlagt av fjerdeklasselærar Åse Neset. Innsatsen vart konsentrert om den ruta som toget kjem til å fylgja 17. mai. Rundt skulen var det ikkje nødvendig med bossplukking, for den har dei sjølv gjennomført tidlegare. I staden konsentrerte elevane seg om områda rundt bensinstasjonen, grana og stemneplassen og vegane mellom desse stadene.

Klassene var delt opp i puljar med to og tre elevar og kvar pulje hadde sitt klart definerte område å plukka i.

Dei fann ikkje noko spesielt oppsiktsvekkjande, med unnatak av ein knokkel under grana, ei spritflaske i nærleiken av campingplassen og ein ny fotball! Ballen tillet dei seg å overta som sin!

Etterpå fekk alle is og hadde grunn til å vera fornøgd med å ha teke eit tak for Uskedalsmiljøet.

Av Ola Matti Mathisen



På SPAR fekk elevane utdelt sekkar og hanskar . Lærar Åse Neset til venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen).